

## Informasjon om barnet frå barnehagen - ved melding om behov for tilrettelegging av tilbodet, jf bhg.lova § 37

### Innleiing

Omgrepet «nedsatt funksjonsevne» er ikkje definert i barnehagelova, men vilkåret omfattar fysisk, biologisk, psykisk og kognitiv funksjonsnedsetting. Ein må avgrense mot bagatellmessige og forbigåande forhold, og det som er å sjå som normalvariasjonen i småbarnsalderen vil falla utanfor.

Nedsett funksjonsevne treng ikkje i seg sjølv utgjera ei funksjonshemmning. Ei sosial, relasjonell forståing er lagt til grunn i paragrafen for omgrepet. Dette inneber at funksjonshemmning oppstår når det føreligg eit gap mellom individet sine forutsettingar og omgjevnadene si utforming eller krav til funksjon.

Målsettinga med individuelt tilrettelegging av barnehagetilbodet etter § 37 er ikkje endring og utvikling hjå barnet, men å byggja ned barrierar som gjer at barnet kan gjera seg nytte av barnehagetilbodet.

I Rammeplan for barnehagen står det at barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod.

Korleis barnehagen forstår normalitet har noko å sei for korleis ein arbeider med barn, og viktig å diskutera/reflektera over. Vår kultur gjev til dømes ikkje rom for store kjensleuttrykk, samtidig som barnehagen skal romma eit mangfold av barn med ulik bakgrunn.

<b>Barnet sitt namn:</b>		
<b>Fødselsdato:</b>		
<b>Barnehage:</b>		
<b>Avdeling / base:</b>		
<b>Føresette:</b>		
<b>Rapporten er utarbeida av:</b>		
<b>Føresette er gjort kjent med innhaldet i rapporten:</b>	Ja:	Nei:

<b>Bakgrunnsinformasjon</b>	
Når byrja barnet i barnehagen?	
Har barnet gått i andre barnehagar?	

### 1. Gje ei skildring av barnegruppa og barnehagemiljøet

- Organisering
- Gruppestørleik
- Vaksentettleik, stabilitet og kompetanse
- Med meir

**2. Beskriv barnet sine sterke sider og meistring**

- Fysisk, biologisk, psykisk og kognitiv (språkleg og sosialt)

**3. I kva situasjonar i løpet av barnehagedagen vert det vurdert at barnet sine vanskar er utanfor normalvariasjonen for barn i denne alderen og som medfører at barnet kan gjera seg nytte av barnehageplassen?**

Ta utgangspunkt i barnehagen sin dagsrytme og klokkeslett for dei ulike aktivitetane:

Leik og organiserte aktivitetar:

Måltid:

Av- og påkleding i garderoben:

**4. Beskriv tilrettelegging/tilpassingar for barnet i det allmennpedagogiske tilbodet og evaluering av dei**

Dato:

---

underskrift pedagogisk leiar

---

underskrift styrar